

Olav Mongstad

Kvalvågen 41

5943 Austrheim

## SØKNAD OM STØNAD/GARANTI FOR PRODUKSJON AV LOKALHISTORISK BOK.

På vegne av ei gruppe på 5 tidlegare Mongstadbuvarar, søker vi med dette om stønad/garanti for produksjon av boka: «Mongstad – bygda som var.» Dette er ei bok som vil ta for seg dei siste 100 åra Mongstad eksisterte som bygd. Boka startar i 1865 med ein presentasjon av dei som budde i bygda då. Det er folketeljinga frå 1865 som er grunnlag for dette. Boka vert avslutta med å presentera alle som flytta frå Mongstad i 1972.

Vi kan nemna fylgjande emne som vert presenterte i boka:

- Industribyggaren Ditlef O. Monstad som bygde opp dei to fabrikkbygningane som stod på kaiområdet på Mongstad
- Stortingsrepresentant og mangeårig kommunestyremedlem i Lindås, Ivar Mongstad
- Bygging av vegen Litlås-Mongstad, pliktarbeid med kommunal stønad frå Lindås kommune
- Johanne Lerø, jenta som vaks opp på hermetikkfabrikken på Mongstad
- Krigstida, ei tid med aktiv motstandsarbeid. Vi har mellom anna skildring av folk som verva seg som soldatar i krigshendingane på Voss etter 9. april. Det er og tatt med dramatiske hendingar frå arbeidet som lokale folk gjorde for å gøyma flyktningar og få dei til England.
- Tekstar frå tidlegare innbyggjarar på Mongstad der dei gir innblikk i sin oppvekst i bygda
- Tekstar frå ulike lag og organisasjonar sine protokollar og lagsbøker i området der Mongstadbuvarar har vore sekretær eller bidragsytarar
- Daglegliv for barn og unge i bygda

I tillegg inneheld boka mange fleire artiklar og ikkje minst bilete. Det eldste biletet vi førebels har til boka, er frå 1909.

Gruppa har oppretta Facebook-sida «Mongstad i hundre.» Der har både tidlegare Mongstadbuvarar og andre lagt inn bilete og skrive om sitt Mongstad.

Gruppa som står bak boka meiner at Mongstad fortener ei bok som fortel om bygda sin historie. I tida rundt 1960-1970 var Nordhordland eit område med fråflytting. Framsynte politikarar klarte å få Norsk Hydro til å fatta interesse for å starta industri i området. Optimismen kom tilbake til bygdene, som ein konsekvens var nokre villig til å oppgi gard og grunn for å få dette til. I boka vil vi presentera kva innbyggjarar på Mongstad meinte og følte i denne prosessen.

Gruppa som står bak dette er ei frittstående gruppe. Vi har ikkje noko økonomisk ryggdekning for arbeidet vi har starta. Vi søker stønad frå Lindås kommune sine kulturmidlar med von om å få tildelt

prosjektmidlar tidleg i prosjektet. Boka skal gjevast ut i oktober 2015. Vi er uviss på kor stort sal boka vil få og dermed kva inntekt dette prosjektet vil gi. Det vert derfor søkt om stønad til arbeidet. Dersom salet gjev balanse i rekneskapet, vil stønaden bli omgjort til garanti. Grappa har ikkje til hensikt å sitja att med noko overskot frå prosjektet.

Budsjettet for produksjonen:

Budsjett for boka Mongstad - bygda som var.

Opplag	350	eksemplar
Utforming	17 x 24 cm.	stive permar fargesider

#### **Utgifter**

Trykking	67 000	
Kjøp av bilete m.m	15 000	
Honorar		
Redaktør	25 000	
Grafisk formgjeving, layout	36 000	
Reiseutgifter m.m.	7 000	
Samla utgifter	150 000	150 000

#### **Inntekter**

Sal 300 ex à 250,-	75 000	
Kommunal stønad	30 000	
Støtte næringsliv	30 000	
Prosjektstønad	15 000	
Samla inntekt/stønad	150 000	150 000

Det er søkt om 15 000 i kulturmidlar frå Lindås kommune. Dersom dette blir innvilga, treng prosjektet 60 000 i tillegg.

Det vert søkt om stønad frå Statoil, Lindås og Austrheim kommune. Det var lagt opp til å søkja støtte frå Mongstadbase. I utgangspunktet sa dei seg positiv til å støtte prosjektet, men med den usikre situasjonen der, er ein usikker på om dei kan støtta prosjektet.

Med dette vert det søkt om 20 000 i stønad/garanti frå Lindås kommune. Det vert søkt om liknande beløp frå Statoil og Austrheim kommune og.

Austrheim 15.08.2015

Olav Mongstad

Sekretær for prosjektet «Mongstad – bygda som var.»